# Meland kommune

Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Larissa Dahl | 03.06.2019 |
| Vår: 14/2479 - 19/12311 | larissa.dahl@meland.kommune.no | |

# Tilbaketrekking av ferdigattest- gbnr 23/509 - utomhusareal byggjefelt B2 Frekhaug

**Administrativt vedtak , saknr 123/2019**
**Tiltakshavar:** JM Norge AS
**Ansvarleg søkjar:** Tippetue arkitekter AS

Det vert vist til kommunen sitt brev av 06.05.19 med førehandsvarsel om tilbaketrekking av ferdigattest for utomhusareal på gbnr 23/509 i byggjefelt B2 i Løypetona på Frekhaug.

Kommunen legg til grunn at det er utført tiltak - utomhusareal på eigedomen gnr. 23 bnr. 509 manglar parkeringsplassar og ferdigstilling av interne veger o_G1 og o_G3.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova §21-10 Sluttkontroll og ferdigattest.

Vedtak:
*« Meland kommune fattar vedtaket i medhald av pbl §§21-10 og forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c om å trekke tilbake ferdigattest for utomhusarealet datert 26.01.17 i sak DNT 153/2014.»*

Frist for retting
Det tilhøvet må **rettast innan 01.09.20.**
Retting må skje ved at tiltaket utomhusareal med parkeringsareal og interne veger 0_G1 og o_G3 vert opparbeida i samsvar med gitt løyvet.

Kommunen må få skriftleg underretting når arbeidet er utført. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om ferdigattest  innan gitt frist.
Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2479.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Larissa Dahl |
| Teknisk sjef | Konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jm Norge AS | Postboks 453 | 1327 | LYSAKER |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tippetue Arkitekter AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |